ÅRSMELDING FOR 2020

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)
Jordbruksskolenes Venner er ei støtteforeining til NMS med eigen samarbeidsavtale som seier korleis samarbeidet skal foregå. JV har direkte kontakt med skulane om prosjekt og tiltak som skal settast i verk.

Dei to siste åra har JV dekka halvparten av driftskostnadene for det eittårige kurset på Tombontsoa og Fihaonana, for 2020 med kr. 550.000. NMS har teke den andre halvdelen.

Styret
Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2020:
Rolf Moi, leiar
Arne Dragsund, sekretær
Kjell Dale, kasserar
Kolbjørn Lerstøl, medlemskontakt
Jonas Skrettingland, styremedlem
Styret har hatt 4 møter og handsama 51 saker dette året.

JV si heimeside og Facebook
På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no Det er viktig å informere om det som skjer på dei to skulane til ei kvar tid. Arne Dragsund skriv artiklar og legg ved bilete, og Martha Krogedal Myklebust legg det ut på heimesida og sender det til Facebook. På heimesida til NMS kan ein finne ein link til heimesida for JV.

Koronasituasjonen på skulane
Også jordbruksskulane vart sterkt ramma av den generelle nedstenginga av samfunnet på Madagaskar frå mars til oktober. Begge skulane kom gjennom denne tida med drifta på gardsbruka i gong, men med sterkt redusert avsetning og inntekt, på grunn av mindre etterspørsel og fordi dei måtte sette ned prisane for å få selt produkta sine. Rektor på Fihaonana meinte at inntekta frå gardsbruket vart redusert med 150.000 kr. på grunn av dette. Men denne krisa har også ført til nytenkning på skulane. Begge skulane sette i verk viktige smitteverntiltak denne tida, og heldt ein del av skuledrifta oppe. Tombontsoa stengde ikkje skulen, men hadde mellom anna digital undervisning for studentane i høgskuletilbodet.

Grøn Diakoni- programmet
Tombontsoa og Fihaonana er sentrale i programmet Grøn Diakoni i Den gassisk lutherske kyrkja (FLM). Dette går i korte trekk ut på at skulane gjev hyrdane i sjukelandsbyane (toby) i kyrkja opplæring i grønsakdyrking, kompostlaging og planting av frukttrær og skog, i 14 dg. x 2 for at dei skal ta med seg dei mentalt sjuke ut i praksis på den jorda dei disponerer.
På grunn av koronarestriksjonane vart ikkje dei 10 tobyane som skulane har anvaret for, vitja den første tida, men arbeidet vart teke opp igjen i oktober. Fihaonana har mellom anna sendt ut reiskapar til dei to nye sjukelandsbyane på aust, og planter av frukttre og såfrø av grønsaker.

Organisasjonen Plant et Tre i Norge støttar Grøn diakoni-programmet økonomisk, og har ein samarbeidsavtale med FLM om opplæring av hyrdane og oppfølgjing av arbeidet med dyrkinga i tobyane. Arne Dragsund er koordinator for Grøn diakoniprogrammet på Madagaskar i samarbeid med Plant et Tre og dei to jordbruksskulane. Lærarar på dei to skulane reiser regelmessig ut til sjukelandsbyane for å følgje med i dyrkinga, og gje råd og rettleiing i dyrkingsprosessen. I sjukelandsbyen Ambohimahazo i Antsirabe har dei dyrka ein stor del av behovet for grønsaker til dei 30 hyrdane og dei 160 sjuke som bur der dei siste to åra. Tidlegare låg jorda som høyrer til sjukelandsbyen, brakk. Dei driv også avl av gassiske høner til slakt. Desse blir selde, og det blir også noko av grønsakene når veksten er på det sterkaste og dei har meir enn dei treng til dagleg.

I Den gassisk lutherske kyrkja er det over 100 slike sjukelandsbyar eller omsorgssentra, spreidt over heile Madagaskar. Jordbruksskulane har eit samarbeid med 10 av desse, 6 på austkysten og 4 i innlandet. Eit slikt samarbeid mellom to ulike faginstansar som jordbruksutdanning og hyrdebevegelsen med behandling av mentalt sjuke menneske, er unikt på Madagaskar. Meininga er at kvar av skulane skal ta 2 fleire kvart år dei næraste åra.

Frå sjukelandsbyen Ambohimahazo i Antsirabe. Hyrdar og pasientar er ute i åkeren
Foto: Arne Dragsund

Okseprosjektet

Prosjektet tek sikte på å utarbeide betre åk og vogner for oksetrekkraft, samt utvikling av plogar, horver og såmaskinar til bruk for oksar, og andre reiskapar. Det har dei siste åra vorte fleire bønder som har byrja med traktordrift, men ennå driv storparten av bøndene på Madagaskar dyrkinga av jorda med handemakt eller oksetrekkraft. I målsettinga for JV står det at vi skal gå i bresjen for utvikling av intermediær teknologi, i dette tilfelle forbetring av reiskapar til oksetrekkraft. 4 bønder i nærleiken av Tombontsoa er med i prosjektet, i tillegg til begge skulane.

Arbeidet med utvikling av betre reiskapar for oksetrekkraft vil halde fram også neste år. I 2020 har arbeidet vore sterkt redusert på grunn av koronasituasjonen, men dei fire bøndene har brukt dei reiskapane dei fekk tildelt tidlegare, og vi er i gong med ei undersøking korleis dei synest dei nye reiskapane har fungert samanlikna med dei tradisjonelle reiskapane dei brukte før. Kvart år er folk i JV- styret på jordbruksskulane for å samtale i drifta av skulane og gardsbruka. Arbeidet med gode reiskapar og vogner er ein del av dette årlege oppdraget.

Styret i JV hadde planar om å reise ut på dugnad og andre oppdrag dette året, men på grunn av koronapandemien, vart ikkje dette noko av. Vi har planlagt ein ny dugnad i oktober 2021, og andre reiser når situasjonen tillet det. Vi trur det er viktig med nær kontakt med

jordbruksskulane, både på det faglege plan og ikkje minst for å samtale om dei utfordringar skulane har for å vere ein plogspiss i landbruksutdanninga på Madagaskar i åra framover.

Kjell Dale framfor ei forbetra vogn til oksar
Foto: Arne Dragsund

Kjell Dale og Kolbjørn Lerstøl. Plastskjær på plogen
Foto: Arne Dragsund

Ny samarbeidsavtale med NMS

Ein ny samarbeidsavtale mellom JV og NMS vart underskriven av Stein Hinderaker frå NMS og Rolf Moi frå JV i slutten av november 2020. Denne avtalen gjeld for 2021, og så blir det skriven ein ny avtale for åra 2022-24 for å kome i takt med den avtalen dei to jordbruksskulane har med Det Norske Misjonsselskap.

Målsettinga for Jordbruksskolenes Venner slik det står i samarbeidsavtalen med NMS:

1. Styrke kapasiteten på jordbruksskolene Tombontsoa og Fihaonana gjennom:
   - Dugnader på skolene
   - Kjøp og innsamling av utstyr til gårdsbrukene
   - Byggeprosjekter for å øke kapasiteten i driften av avdelingene i gårdsbrukene
   - Kompetanseoppbygging hos personalet på skolene
2. Bidra til en grundig og solid jordbruksutdanning for ungdom, og oppfølging av etablerte bønder som en del av skolenes virksomhet
3. Utnytte og koordinere den kompetanse JV og NMS har på ulike områder når det gjelder utvikling av landbruket på Madagaskar
4. Samarbeide om utvikling av skolenes gårdsbruk som arena for den praktiske opplæringa på skolene, herunder bruk av tilpasset teknologi og miljøtekniske løsninger i driften av gårdsbrukene og ute hos tidligere elever
5. Samarbeide om utvikling av skolenes gårdsbruk for selvfinansiering av drifta og bidra med penger fra overskuddet til selve skoledriften
6. Legge til rette for kortere og målrettede studieopphold i Norge eller andre land for nøkkelpersoner i skolenes ledelse, lærerkollegium og gårdsbruk

7. Legge til rette for dugnad fra norske fagfolk for kortere opphold på skolene, for eksempel med montering av utstyr, reparasjon av traktorer og maskiner, undervisnings- og veiledningsoppdrag og andre arbeidsoppgaver. Faglig oppfølging av personalet på skolene er en del av dette
8. Samarbeide om andre kortere tiltak for å videreutvikle jordbruksskolene til sentrale og viktige utviklingsaktører i det gassiske samfunnet, herunder også tiltak for å øke bøndenes bruk av tilpasset teknologi i landbruket

Vi er takksame for at skulane og JV saman har kunna gå i gong med dei ulike tiltaka for å få skulane dit dei er i dag, føregangsskular innan landbruksutdanning og landbruksutvikling på Madagaskar.

Økonomien i Jordbruksskolenes Venner
Sidan starten på JV i 2007 har det skjedd mykje på jordbruksskulane Tombontsoa og Fihaonana. Skulane hadde ikkje godt nok driftsgrunnlag i gardsbruka for ein god produksjon, med nedslite utstyr og dårlege bygningar etter godt 50 års drift på Tombontsoa og 35 års drift på Fihaonana. JV gjekk derfor tidleg inn i ei planmessig restaurering og oppbygging av bygningane, reparasjonar av teknisk utstyr, dyrking av jord som låg brakk på Fihaonana, graving av brønnar og nytt anlegg for vatn og straum på Tombontsoa og nye brønnar på Fihaonana. Ei ny kraftformølle på Fihaonana og nye hønehus, grisehus og fjøs vart og bygt. Samt utsending av 5-6 kontainerar med brukt og nytt utstyr til skulane. Vi kunne teke med mykje meir, men dette kan vere nokre eksempel på det som er gjort. Sidan skulane nå har fått gardsbruka i god stand, og kan produsere maksimalt i dei ulike produksjonane, har JV vore med og dekka drifta av dei eittårige agronomkursa på skulane. For 2019 og 2020 har dette vore halvparten av driftsbudsjettet for desse kursa, med godt 500.000 kr. i året. NMS har teke den andre halvdelen. Forsiktig rekna, om ein tek med utsending av kontainerane og det JV har kjøpt av nytt utstyr og alle byggeprosjekt og dyrking, har JV brukt rundt 15 mill. kr. sidan starten. Dette er gåver frå venner i JV, gåver frå bedrifter og andre gjevarar. Borgestad menighet i Skien, Helleland menighet i Eigersund, Varhaug kristelege ungdomslag og Tomb jordbruksskole har og bidratt med pengar til ymse prosjekt og tiltak. Eit minnefond frå Oddbjørg og Ola Foss har og gitt årlege pengar til arbeidet på skulane. 2020 er det siste året JV får pengar frå dette fondet.

Vi vil også berømme Det Norske Misjonsselskap som gjennom alle år har støtta jordbruksskulane på mange måtar. Det var misjonærar i NMS som starta arbeidet, med skulestart på desse skulane i 1965 for Tombontsoa og i 1983 for Fihaonana. NMS har som nemnt ovanfor, dekka driftsbudsjettet for agronomkursa på begge skulane dei seinare åra, dei to siste åra i samarbeid med JV, etter at UD ikkje lenger støtta drifta av «grøne skular» på Madagaskar.

Tombontsoa jordbruksskule

Skuledrifta
I slutten av 2020 var det følgjande kurs på skulen:

- FPQ, 10 mnd. kurs for bønder: 81 elevar
- Lycee Agricole, 3 årig 60 elevar
- IPSATTA, høgskuletilbodet 271 studentar pluss 81 som tok avsluttande diplomeksamen 11. desember 2020

Fagkretsen for det eittårige agronomkurset er det same som tidlegare, med 50 % praksis i dei ulike avdelingane i gardsbruket. Lycee Agricole -elevane har også om lag den same praksisdelen. Berre elevane på FPQ bur på internatet på skulen. Dei betalar ein symbolsk sum som skulepengar, medan elevane i Lycee Agricole og IPSATTA betalar skulepengar som driv desse kursa fullt ut.

Elevar i agronomkurset FPQ skuleåret 2020-21.

Elevar i Lycee Agricole 2020-21. Foto: Rasoloson Lala

Ein del av studentane i høgskuletilbodet IPSATTA skuleåret 2020-21. Foto: Rasoloson Lala

Ny undervisningsbygning

Den nye skulebygningen som vart starta opp bygginga av i slutten av 2019, er ferdig. Agronomklassen og to klassar i Lycee Agricole har flytta inn.

Gardsbruket

Hovudproduksjonane i jordbruket er gras og mais til fjøset. Landet frå gjødseltanken vert i stor grad nytta til graset, medan den faste gjødsla frå fjøset vert nytta til maisen før pløying av jorda.

I fjøset er det nå om lag 50 årskyr med påsett av alle kvigekalvar. Mjølkemengda har vore god også dette året. Elevar i FPQ og Lycee Agricole har mykje praksis i fjøset og grisehuset. Studentane i IPSATTA lagar økonomiske kalkylar i mjølkeproduksjonen og kontrollerer kraftfortildelinga til kyrne.

.
Grisehuset har gått bra dette året, etter at dei fekk nye avlsdyr frå Fihaonana. Dei hadde afrikansk svinepest i 2019, og måtte la huset stå tomt ei tid etter desinfeksjon av huset. Målingar av slaktegrisene tyder på at drifta er god. Tilveksten ligg på 880-1000 gram pr. dag. Dermed går tida ned for å få ein slaktegris på 100 kg. Det er og lite dødelighet i smågrisavdelinga.

Hønehuset
Skulen kjøper inn daggamle kyllingar og sel dei som 16 vekers kyllingar. Dei reknar med oppal av 45.000 kyllingar av verperase i året. Koronasituasjonen har gjort at det har vore vanskeleg å få tak i kyllingar dette året, så i samarbeid med firmaet Avitech, importerte dei nye kyllingar som kom til skulen i slutten av desember- 20. I tillegg til oppal av kyllingar til verpedyr, har dei byrja med oppal av 200 broilerkyllingar, for at elevane skal få innblikk i denne produksjonen som er svært aktuell for bøndene i distriktet. Det er stor etterspørsel etter broiler i Antsirabe og andre byar.

Fiskeoppdrettet
Fisken i den store dammen vekst godt. Dei har fått lagt inn ein ny kanal til forsyning av vatn. Det er god etterspørsel etter Tilapia-fisk i Antsirabe. Ein del bønder i distriktet har og starta opp med oppdrett av Tilapia.

Mølla og salg av driftsmidler til bøndene
Salet av kraftfor har gått ned. Dei produserer nå stort sett det som går til husdyravdelingane i gardsbruket. Salet av driftsmidler til bøndene har det vore ein del av også dette året, men mykje mindre enn vanleg fordi mange har slutta med husdyr pga. at dei ikkje fekk avsetnad på produkta i denne koronatida.

Demonstrasjonsgarden Fanantenana
På denne garden er det ei besetning av mjølkekyr, griser og geiter. Her brukar dei trekkoksar til pløying, horving og transport. Kyrne vert mjølka for hand, og alt land frå fjøs og grisehus renn ut i ein kumme for bruk i grønsakhagen og på jorda elles. Den store planteskulen med oppal av planter av frukttre og skogstre ligg på denne garden.Elevpartier har ansvaret for drifta av Fanantenana.


Lærar Bakoly er anvarleg for fjøset


Frå kalveavdelinga. Foto: Arne D.

Fihaonana jordbruksskule

Nye skulebygningar

Nye skulesalar, internat, kjøkken og sanitæranlegg vart bygde ferdige dette året med pengar frå staten. Dette skal brukast av studentar i kurset PEJAA (Promotion pour l'Entreprenariat des Jeunes Agriculture et Agro Alimentaire).

Det nye senteret for utdanning i entreprenørskap i jordbruk og næringsmiddelfag. Rektor Randrianarijao Hobiharisoa i det nye klasserommet. Foto: Arne Dragsund

Skuledrifta

- **Agronomkurset.** På grunn av koronasituasjonen, vart kurset avbrote i mars 2020. 53 av elevane frå dette kurset har fått anledning til å byrja på nytt i agronomkurset 6. januar 2021. Opptaket av nye elevane til kurset gjekk føre seg i tidaa 15.-17. desember 2020. Totalt vert det rundt 80 elevar i det nye agronomkurset.
- **Kortkursa på 2-3 månader.** Det har vore nokre kortkurs i 2020, mellom anna kurs i Grøn- diakoniprosjektet. I 2021 vil kursa starte opp igjen i samarbeid med det statlege Formaprod, som finansierer kursa. I samarbeid med AFAFI-SUD, eit statleg organ, har skulen hatt kortare kurs for 180 ungdomar frå søraust (Farafangana, Vangaindrano) i fiskeoppdrett, bieavl, avl av høner, dyrking av ris, andre matvekster og grønsaker. Desse har vore ei veke på Fihaonana som avslutning av kurset fram til 12. desember- 20.
- **PEJAA.** Kursa for nyetablerarar har vore ein suksess. 13. november 2020 var det ei storstilt avslutning av dei to første kursa med 80 etablerarar. Landbruksministeren og andre frå staten var med i tillegg til kyrkja sine folk. 45 nye er tekne opp til det 3. kullet med start av undervisninga 2. november 2020. PEJAA har ei tidsramme på 3 år. Evalueringa av kursa på Fihaonana har vore god, så det vert truleg ei fase nr. 2.

Kurs i bieavl for ungdomar frå søraust på Madagaskar. Siste veka i kurset var på skulen. Foto: Hobiharisoa

Kurs for tilsette mens den ordinære undervisninga var stengt ned. Rektor underviser
Foto: Randrianarijao Hobiharisoa

Gardsbruket

Gardsbruket på rundt 300 dekar vert nytta som ein viktig praksisplass for elevane, også på Fihaonana. I fjøset med rundt 10 mjølkekyr og oppdrett, grisehuset med 20 avlspurker og oppforing av slaktegris, hønehuset med 1200 høner og fiskeoppdrettet med 20 dammar og andre produksjonar i gardsbruket, har tilsette stått på for å halde god produksjon og finne løysingar for foredling av produkta og skaffe noko inntekter i dette vanskelege koronaåret. Dei har halde fram dyrkinga av nelliktre, kaffi, vanilje og corrossole med tanke på meir inntekt i åra framover. Planteskulen med oppal av småplanter av frukttre, kaffi, nellik og andre vekster, er og ein arena for elevane i praksis.

På begge skulane er drifta av gardsbruka inne i ei god utvikling. Både planteproduksjonen og dei ulike husdyrproduksjonane har ei god utvikling på begge skulane. Rektorane og dei tilsette på begge skulane satsar på at gardsbruka skal kunne gje så godt overskot i åra famover, at ein stor del av drifta av agronomkursa kan dekkast av dette. Så veit vi at det er snakk om til dels sårbare produksjonar, kor prisane på produkta vil variere etter den etterspørselen som fins til ei kvar tid. Etter kvart som husdyrbruket tek seg opp ute hos bøndene rundt skulane, vil det også bli konkurranse om kundane. Markedet er ikkje organisert slik som i vårt land, og samvirke blant bøndene er heller ikkje utbygt slik som i Norge med meierisamvirke, kjøtsamvirke og andre som sikrar god avsetning frå bøndene. På skulane er det undervisning om samvirke, og korleis tidlegare elevar kan starte opp samvirkelag i både innkjøp og sal av produkta. Det er eit håp om at dette vil føre til oppstart av nye samvirkelag.

Elevane lærer risplanting og planting av stiklingar for vanilje. Foto: Randrianarijao Hobyhariso

Nokre av dei 20 fiskedammane. Elevar haustar fisk med garn. Foto: Randrianarijao Hobyhariso

Samarbeidet med Øya videregående skole i Trøndelag
Det har ikkje vore besøk frå Øya vgs. dette året, eller besøk frå Fihaonana til Øya. Men dei har god kontakt. Så det blir nok ei vidareutvikling av samarbeidet i 2021.

Takk for støtte til arbeidet på jordbruksskulane!
Styret i JV vil takke alle som har gitt pengar til JV og arbeidet på dei to jordbruksskulane i 2020. Vi er avhengige av gåver for å kunne ha dette samarbeidet med dei to jordbruksskulane på Madagaskar.

Takk til NMS for eit godt samarbeid også dette året. Sjølv om vi ikkje har kunna reist til Madagaskar dette året, er det ei glede å kunne berette om at skulane har kome seg godt gjennom koronakrisa. Skuleåret 2020-21 er godt i gong på Tombontsoa og Fihaonana med nokre kurs og agronomkurset som startar i januar 2021.

Gåver til JV kan sendast til konto: 8220.02.85057, merka prosjektnummer 723653. Eller Vipps: 513127.

Sandnes, den 4. januar 2021.

For styret i Jordbruksskolenes Venner

Rolf Moi, leiar Arne Dragsund, sekretær